

KORT OMTALE AV PROSJEKT SOM HAR FÅTT TILDELT KVALITETSUTVIKLINGSMIDLAR I 2011

Prosjektnamn

Pasientrettleiing på morsmål til pasientar som skal ta indusert sputum via film med lyd og tekst på morsmål, samt skriftlig brosjyre.

Prosjekteigar (HF/avdeling/eining ansvarleg for prosjektet)

Medisinsk klinikk Helse Fonna Medisinsk poliklinikk

Prosjektleder (kontaktperson)

Bente Irene Olsen. Funksjonsleder ved medisinsk poliklinikk, Haugesund sjukehus Helse Fonna

Samarbeidspartar/prosjektdeltakarar

Kommunikasjonssjef. Overlege og sjukepleier ved lungeseksjon, brukargruppe, tolketjeneste, sjukepleier barneavdeling. Tuberkulosekoordinator.

Bakgrunn for prosjektet / hovudpunkt

Kvifor blei prosjektet starta?

Bakgrunn for val av søknad: Vi har i vårt område ei stadig aukande befolkningsinnvandring. Det er mange av disse som skal sjekkast for TBC. Dette gjeld personar i alle aldre. Av erfaring veit vi at det å få ei god prøve ikkje alltid er enkelt. Dette er ofte personar med lita forståing av norsk og engelsk og det er gjerne personar som har ei heilt anna oppfatning av sjukdom og sjukehus enn det vi er van med. I dag bruker vi telefontolk i utstrakt grad. Det er vanskelig å bedømme kvaliteten på tolkinga vi nyttar og det er ofte vanskelig å forklare prosedyren pasienten skal gjennom på en god måte. Resultatet er at vi må ta prøva fleire gonger for å oppnå eit godt prøvemateriale. Dette er en belastning for pasientane og ei feil bruk av ressursar. Det er viktig for oss at vi får gode prøver slik at vi ved fyrste prøve kan få analysert resultatet og gitt pasienten rett behandling så snart som mogeleg. Dette er meint som et supplement reiskap og erstattar ingen slik vi ser dette pr. i dag. I plan Somatikk for Helse Fonna er det fremma eit ønske og eit mål om å opprette ein diagnosestasjon for tuberkulose (TBC). Her er det ønskeleg at heile familiar møter for prøvar og oppfølging. I dag blir prøver av barn tatt ved barneavdelinga. Det er viktig for oss at også dei og deira pårørande kan få best mulig forklaring på kva som skal skje. Vi er sikre på at dette kan ha en stressdempande effekt på pasienten og at sjansen for å betre eit godt førstegangs prøvemateriale aukar. I Helse Fonna skal indusert sputum prøvar gjerast ved Haugesund sjukehus. Vi har fokus på kvalitet og ønskjer dette som ein del av det å auke sikkerheita til pasienten. Vi utførte i 2009 506 induserte sputum hos oss.

Mål for prosjektet

Kva for forbetring håper de at prosjektet skal føre til?

Sikre lik informasjon til pasientane, uavhengig om dei er innlagt på sengepost eller møte i poliklinikk. Dette gjeld og opplæring av personale.

Metodisk tilnærming / evaluering av effekt

Kva skal gjerast og korleis skal effekten av tiltaket målast?

Bruk av multimedia utstyr.
Arbeidsgruppa skal utarbeide evalueringsverktøy.

Planlagte bruk av resultat i eiga eining (implementering i drift m.v.)

Overføringsverdi / overføring av kunnskap til andre einingar i regionen

Fagtidsskrift, vitenskapleg artikkel, presentasjon på fagdagar, konferansar osv.

Etter det vi kan se pr. i dag kan disse tas rett i bruk av andre sjukehus med same tilnærming dette. (vi følger statlige råd og godkjente prosedyrer)

Oppstarttidspunkt (planlagt)

Sluttidspunkt (planlagt)

31.12.12

